



# Jølster kommune

## VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR



Underlagt lov 17.06.2005: Lov om barnehage, og til  
ei kvar tid gjeldane forskrifter og rammeplan for  
barnehage

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

[jolster.kommune.no](http://jolster.kommune.no)



## **1. EIGARFORHOLD**

Jølster kommune er eigar av:

- Langhaugane barnehage
- Skei barnehage

Dei kommunale vedtektene gjeld for desse barnehagane.

## **2. FORMÅL**

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering» (Bhg.lova 08.02.2018).*

## **3. STYRINGSVERKET**

### **A. Kommunen**

Rådmannen har det overordna ansvaret for Langhaugane- og Skei barnehage.

### **B. Den enkelte barnehage**

Styranane har det faglege og administrative ansvaret for drifta av barnehagane.

Barnehagen skal ha foreldreråd og samarbeidsutval, jf. Bhg.lova §4

Foreldrerådet utgjer alle foreldre/føresette som har barn i barnehagen. Ved røysting gjeld ei røyst for kvart barn.

Samarbeidsutvalet skal ha 5 medlemmar, 2 valde frå foreldrerådet, 2 valde frå tilsette og 1 medlem oppnemnt av eigar. Saker til samarbeidsutvalet skal meldast skriftleg.

Styran har møte-, tale- og forslagsrett.

#### **4. OPPTAK TIL BARNEHAGE**

##### ***A. Samordna opptak til barnehage***

I Jølster kommune er det samordna opptak som omfattar samtlege barnehagar i kommunen. Alle barnehagar har eigne opptakskriterium som regulerer opptak, desse står i barnehagane sine vedteker.

Det er eit hovudopptak på våren kvart år. Søknadsfristen for hovudopptaket er 1. mars. Fristar og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag, annonse og internett.

Tildeling av plassar ved hovudopptaket vert gjort i mars/april. Alle som søkjar innan fristen for hovudopptaket som fyller eit år innan 1. desember har rett til barnehageplass. Nye søkjarar som kjem inn etter fristen for hovudopptak vert registrert på venteliste etter at dei som har rett til barnehageplass, jf. Bhg.lova §12.

Etter at hovudopptaket er avslutta og alle med rett til barnehageplass etter barnehagelova har fått plass har kommunen kontinuerleg opptak og nye søknadar vert registrert og handsama fortløpande.

Ved endring av barnet/familien sin livssituasjon i løpet av året jf. Bhg.lova §13 kan søkjarar ved framlegg av dokumentasjon, krevje ny handsaming av søknaden.

##### ***B. Opptaksmynde***

Rådmannen tildelar kommunale plassar og plassane kommunen disponerer i ikkje-kommunale barnehagar. Etter delegert mynde tildelar styrar ledige plassar i sin barnehage i samsvar med lovverk og retningslinjer for opptak. Styrarane har fullmakt til å vurdere inntak utanom hovudopptaket.

##### ***C. Klage på opptak***

Utval for oppvekst, kultur og helse er klageorgan ved klage på tildeling av barnehageplass. Klage skal sendast til rådmann og vert sakshandsama etter forvaltningslova.

##### ***D. Opptaksperiode***

Kommunen reknar eit barnehageår frå skulestart i august til skulestart året etter. Tildelt barnehageplass gjeld frå det tidspunkt som står på tildelingsbrev/kontrakt, og plassen er bindane til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet byrjar på skulen.

#### **5. OPPTAKSKRITERIA TIL KOMMUNAL BARNEHAGEPLASS**

Kommunale barnehagar har Jølster kommune som opptakskrets. Tildeling av plass skal skje etter følgjande kriterium:

- A. Jf. Bhg.lova §13, barn med nedsett funksjonsevne og barn som er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester §4-12 og 2-2 andre og fjerde ledd.

## B. Prioritet etter alder.

Ved søknad om opptak etter kriterium A skal det leggjast ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig innstans som barnevern lege eller PPT. I dokumentasjonen skal det kome klart fram kvifor barnet har særleg trong for barnehageplass.

### **6. RETNINGSLINJER FOR ENDRING AV OPPHALDSTID/BYTE AV BARNEHAGEPLASS**

Barn som er tildelt kommunal barnehageplass har førerrett til auke av opphaldstid når dei har byrja i barnehagen, dersom det etter styrar si vurdering er praktisk og pedagogisk mogeleg. Søknad sendast barnehagen og tildeling av ny opphaldstid vert gjort av styrar. Søknadsfrist og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag.

Dersom det er fleire søkjarar til ledig plass vert søkjarane prioritert etter gjeldande opptakskriterium.

Søkjarar som har barnehageplass i kommunal barnehage og som ønskjer å byte til ein annan kommunal eller ikkje-kommunal barnehage, må søkje på nytt og vert vurdert som ny søkjar.

### **7. OPPSEIING**

Plassen er bindande til den vert sagt opp skriftleg, eller ut barnehageåret det året barnet byrjar på skulen.

Ved flytting frå kommunen vert plassen sagt opp med 3 månadar oppseiingstid.

Det gjeld 3 månadar oppseiing av plassen/reduksjon i opphaldstid. Oppseiingsmånad samt 2 påfølgjande heile månadar.

### **8. REGLAR FOR FORELDREBETALING**

Foreldrebetaling og søskenmoderasjon vert regulert av bhg.lova §15 og til ei kvar tid gjeldande forskrifter. Kommunestyret fastset foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

Foreldrebetalinga er månadleg i 11 månadar. Når barnet skal slutte i barnehagen gjeld betaling for oppseiingsmånaden samt 2 påfølgjande månadar. Same reglar gjeld ved reduksjon i plass.

Dersom barn vert henta etter ordinær stengtids, må foreldre betale eit gebyr for kvar påbyrja halvtime.

Ved misleghald av foreldrebetaling, er det rådmann som gjer vedtak om oppseiing av barnehageplass.

Reduksjon eller fritak frå foreldrebetaling kan imøtekomast etter forskrift til bhg.lova om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid. Ein kan også søkje gjennom lov om sosiale tenester, lov om barnevernstenester. Dei to sistnemnde lovverka må søkjast til NAV.

Foreldre/føresette betalar matpengar. Pris og tilbod vert fastsett av samarbeidsutvalet for kvar av barnehagane. Matpengar vert kravd inn kvar månad på faktura for foreldrebetaling.

### **9. OPNINGSTIDER OG FERIE**

Kommunale heiltidsbarnehagar har ope frå måndag til fredag. Barnehagetilbodet vert organisert innanfor ei dagleg opningstid på maksimum 10 timar. Rådmann fastsett opningstida for kvar barnehage.

Barnehagen er stengt på offentlege helge- og høgtidsdagar samt 5 planleggingsdagar i løpet av eit barnehageår. I tillegg skal barna ha fri 3 samanhengande veker og takast ut i perioden 15. juni til skulestart, jf. betalingsfri månad. Barna sin ferie skal meldast til barnehagen seinast 1. mai i ferieåret.

Langhaugane barnehage har ope heile året.

Skei barnehage held stengt 2 veker mellom 26 og 32; dei to vekene det er færrest barn i barnehagen.

### **10. MÅLFORM**

Nynorsk målform skal , så lang råd er, nyttast i songar og litteratur i barnehagen.

### **11. AREALNORMER**

Følgjande netto leike- og opphaldsareal per barn er lagt til grunn for kommunale barnehagar:

- A. 4 m<sup>2</sup> for kvart barn over 3 år.
- B. 5.5 m<sup>2</sup> for kvart barn under 3 år.
- C. Eit uteareal på 25 m<sup>2</sup> for kvart barn

### **12. ENDRINGAR**

Eigar av barnehagen kan gjere endringar i vedtektene. Endringar skal leggjast fram for samarbeidsutvalet til uttale og sendast eigar til godkjenning.

Utval for oppvekst, kultur og helse vedtek endringar i vedtektene.